Møkkavær, *møkkabil*, *møkkagreip*, *møkkadyng*, harabikkje, **haraball**, merrabitt, **merraflåer**, merrapine (bratt bakke), masakråke, vossakorv, **boknafisk**, **varastyre**, magadrag, makaløs/-laus, talatrengt, pissatrengt, morrasol, morrapils, morratur, nattaklem, nattakos osv.

Lista kan gjøres lengre. Den viser at ord med a-fuge er levende i talemålet i norsk, og ikke minst i bokmålsområder. **Lagasild** bør derfor beholdes i bokmålsnorma.

5.4 Endring i normeringa av substantivet *sjapp(e)*

Neppe den mest kontroversielle endringa?

5.5 Endring i normeringa av substantivet opphop(n)ing

Greit.

Sammendrag av hovedpunkter i kommentarene fra LSS

Landslaget for språklig samling har vurdert de foreslåtte normendingene og har disse hovedmerknadene:

1. Det er en grunnleggende svakhet ved framlegget at talemål ikke er tatt med i normeringsgrunnlaget for de endringene som blir foreslått i bokmålsnorma. Landslaget for språklig samling antar at flere av framlegga i høringsnotatet ville sett annerledes ut om talemålet hadde blitt tatt omsyn til.
2. Det såkalte *sjølvstende*-prinsippet krever at bokmål skal normeres "på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis og si eiga utvikling, og uavhengig av nynorsk" (og vice versa for nynorsk). Landslaget for språklig samling meiner at det er en illusjon å hevde at bokmål og nynorsk har egen skriftlig praksis og egen utvikling i et samfunn der de to brukes om hverandre hver dag. Ved å tviholde på slike kunstige skiller skaper man unødvendige skilnader mellom bokmål og nynorsk.
3. Kombinasjonen av *stabilitetsprinsippet* og normering basert på tekstkorpus betyr at normeringa i stor grad reproducerer det man finner i tekster som allerede er privat normert. Det blir lite kraft i normeringsarbeidet når talemål ikke tas med i normeringsgrunnlaget, og normeringsarbeidet kan få karakter av drøvtygging av kjent materiale.
4. Landslaget for språklig samling meiner at framlegg **5.2 Endring i normeringa av ein del ord med hv-/kv-** bør tas ut.
5. Landslaget for språklig samling meiner at framlegg **5.3 Endring i normeringa av substantivet lagsild/lagesild/lågåsil**d bør tas ut.

Lars S. Vikør:

Kommentarar til Språkrådets høyringsdokument om rettskrivinga datert 13.3.2023

3.1: Eg ville tilrå å gjennomføre systemrette grunnformer av *hubb* og *spott*. *Spott* har ein homograf, men homografen er eit uteljeleg substantiv, og blir vel til vanleg enkelt skilt frå det engelske lånordet. Men det står ikkje noko om samansetningar, dermed ingenting om det tvitydige *spottpris*. Det burde kanskje seiast noko om det òg.

3.2 Eg er vant til å sjå på *låt* som to homografar: *låt* m 'lyd' generelt, og *låt* f 'popsong o.l.'.

4.1 Eg stør framlegget om å ta inn *sjåast* utan å ta ut *sest*. Begge er mykje i bruk, meir i tale enn i skrift. Men *sest* har ulemper: Det har ingen tradisjon i nynorsk. *Vi sest/sjåast* er openbert kalkert over bokmål *Vi se(e)s*, og ville inntil 2012 ha hatt sideforma *ses*. *Vi sjåast* kan kanskje ha ein viss dialektal bakgrunn, men verkar på meg som ein hovudsakleg moderne frase i dei yngre aldersgruppene. Eg trur denne forma kom i bruk fordi ho markerer nynorsken betre enn *Vi sest*. Og så er nok skiljet mellom infinitiv og presens ganske vagt i *s(t)*-verb både i bokmål og nynorsk og i folks generelle talemålskjensle, det er mykje samanfall mellom desse i vanleg språkbruk og langt på veg òg i normalane. Etter at *sest* i presens i det siste er komme meir i bruk til fortrenghet for *sjåast* (pga. diskusjonar om emnet og normativ retting?), har eg sett døme på *sest* nytta i infinitiv - i nynorsk, altså, der det sjølvstendig uansett skal vere *sjåast*. Eg trur ein ivaretar nynorsken betre med det vedtaket Språkrådet no legg opp til. (Dette gjeld det resiproke *sjåast*: bruken i passiv (t.d. "*Born skal sjåast, ikkje høyrast*") må vel komme inn under dei sterke reservasjonane mot *-st*-endinga i finite former (presens og preteritum) av dei fleste verb i nynorsk, slik at avveginga mellom *sjåast* og *sest* blir mindre aktuell der.)

5.1: Det burde kanskje knytast (!) ein kommentar til tilhøvet mellom *knytte* og *knytte* i bokmål - som eg forstår her skal reknast som separate verb? Og *tryte* kan vel knapt tilpassast bokmåls morfologien i det heile - er det belagt nokon bruk av det i preteritum på bokmål? På meg verkar "*trytte*" litt mindre oppkonstruert på bokmål enn dei oppførte sterke formene. Men eg ser jo at det kan finnast (vel sjeldsynte) bruksbelegg som seier noko anna.

5.2: Det er eit litt stivt stykke å forby *kvit* og *hvitbjørn* samtidig. Nynorsk har *kvitebjørn* jamstilt med *kvitbjørn*, og det heiter vel uansett *Kvitebjørn kong Valemon* i eventyret? Eg vil anbefale å la *hvitbjørn* og/eller *kvitebjørn* bli ståande til bruk i eventyrsspråket. Som synonym til *isbjørn* er det vel berre bruk for det i samanhengar der det blir opplyst om at eit slikt synonym finst, altså i metaspråk. (Og eg veit ikkje i kor stor grad desse normeringsreglane gjeld for metaspråk.) Når det gjeld opprekninga av ord med berre *kv-*, så blir det feil å ta med *kverrsette* her, sidan det er frå norrønt *kvirrsetja* og dermed kjem i same klasse som *kveld*, *kvern*, *kvikk* osv. Ein kunne derimot ta med *kveite* som motsats til *hvete* (opphavleg vel same orddanninga) og referere *hvitving* som nedsettande term på *kvit* person som motsats til *kviting*. Somme av orda kunne altså tene på ei kort forklaring.

5.3. *Lågåsild* trur eg at eg sjølv var med på å få inn i normalane i 1978, som saksbehandlar i sekretariatet; før var det berre *lagesild* i bm og *lagasild* i nn, men som

gudbrandsdøl visste eg at talemålsforma *lågåsild* var einerådande i skriftspråket, også bokmål, lokalt med tyngdepunkt på og rundt Lillehammer (ikkje minst i lokalpessa) - der det uansett vart skrive mest om denne fisken - så det var logisk å få den forma inn i skriftnormalane. *Lagasild* var det ikkje mitt ønske å få inn i bokmål; det var eit utslag av den noko stivbeinte systemtenkinga i normeringsmiljøa. Seinare lærte eg at dei på Hedmark-sida seier *lagsild*. Men normeringsframlegget her verkar greitt på meg.

Språkrådet

Oslo, 24. april 2023

Svar på høring om framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk

Me vil fyrst takke for høvet til å svara på høringa. I framhaldet kjem me berre til å koma med merknader til punkt 3 og 4.

Merknad til 3.1

Det er ei god løysing å ha valfridom i ubunden form eintal mellom hub og hubb, spot og spott. Og me helsar elles velkomen ei tilsvarande normering for bag(g) og liknande ord. Er det noko i vegen for å ta inn *bag – baggen – baggar – baggane* som valfri bøying no, altså om ein so ikkje får teke ut bøyinga med *bagen – bagar – bagane*?

Merknad til 3.2

Me har ingen andre merknader enn at me tykkjer det er eit gode for stabiliteten og tradisjonen at ikkje noko kjønnt vert teke ut frå nynorsken. Men ein bør kanskje vurdere om det er noko tydingsskilje mellom *ein* og *ei* låt. Står ein heilt fritt til å velja å skrive *poplåta*, men *fuglelåten*?

Merknad til 3.3

Her òg meiner me det er eit gode for stabiliteten og tradisjonen at ikkje noko vert teke ut.

Merknad til 3.4

Kaskjett/kasjett/kaskett er i det heile ikkje særleg frekvent, det er difor føremålstenleg at det vert norvagisert på same viset som andre importord.

Merknad til 4.1

Me vil tala imot framlegget om å ta inn *sjåast* i presens som valfri form attmed *sest*. Her har me eit par motsegner, den fyrste er at det bryt med det nynorske systemet og soleis er med på å løysa det opp. Om ein har *sjåast* som normert presensform, kan ein fort setja spørsmålsteikn ved om *møtast*, *treffast* og *minnast* òg skal vera greie å nytte i presens. Ein bør ha in mente at nynorsken er eit mindre bruka språk enn bokmål, og at

bokmålsdominansen har sitt å seia for kva former som stundom kan verte bruka ukritisk på nynorsk. Det er tydeleg at *sjåast* er ei form som er laga i analogi med bokmål *sees/ses* – *sees/ses*. Her gjer det seg elles å sitere *Nynorsk i NRK frå A til Å* av Sylfest Lomheim frå 1994: «**sjåast** – er ein språkleg bastard, direkte omsett frå ‘sees’. *Me sjåast* kan berre gå viss det er spøkefullt meint. Korrekt nynorsk er *me snakkast, eg ser deg snart, me møtest*. *Sjåast* kan brukast med modalt hjelpeverb føre: *Saka kan sjåast på to måtar*.» Dette er langt frå den einaste kjelda der «me sjåast» er kome på trykk i omtale av rang bruk av verbet.

Me kan elles spørja om kor vanleg *sjåast* er i målføra, det er vel heller nytt at ein helsar farvel med «sjåast». I målføre med fleirtalsbøying vert det òg naturlegvis den vanlege fleirtalsforma i presens. Men vert det bruka i nokon som helst annan samanheng enn i helsingar? Ser ein til dømes at «elgen sjåast so vidt blant trea»?

Me meiner altso at nynorsk, som er eit monaleg mindre bruka språk enn bokmål, bør ha eit sterkare systemvern. Rettskrivingsnorma er fyrst og fremst ei ramme for korleis nynorsken kan sjå ut i læreverv, NRK og staten. Me trur ikkje det er eit gode å føre inn eit systembrot som *sjåast*, det kjem berre til å gå ut over bøyinga av andre -ast-verb.

Med helsing frå

Håkon A. Remøy
på vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Mobil: 99 44 20 02

E-post: h.remoy@samlaget.no

Høyring om framlegg til rettskrivingsendringar, 2023

Vi viser til høyringsnotatet frå Språkrådet med framlegg til rettskrivingsendringar for bokmål og nynorsk, med svarfrist 24. april 2023.

Noregs Mållag vel i denne omgangen ikkje å kommentera anna enn framlegget om å ta inn *sjåast* som presensform (ved sida av *sest*) av verbet *å sjåast*. Kommentaren vår til dette endringsframlegget kjem likevel inn på prinsipielle sider ved normeringa av nynorsk.

På side 3 i høyringsnotatet viser Språkrådet sjølv til dei «overordna føringane» for normering av nynorsk og bokmål, slik dei er formulerte i Prop. 108 L (2019–2020) punkt 4.2.1, dvs. i meldingsdelen av språkløvsproposisjonen. Som det går fram av sitatet, er *sjølvstende og stabilitet* dei to hovudprinsippa, og det skal vera ein viss terskel for å justera rettskrivinga, nemleg at *faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det*. I Språkrådets retningslinjer for normering er det i punkt 7.2 (og 6.2) stadfesta at Språkrådet sjølv òg ser på sjølvstendeprinsippet og stabilitetsprinsippet som dei overordna prinsippa, altså dei som veg tyngst.

Om ein ser ei innføring av presensforma *sjåast* i lys av desse to hovudprinsippa, er det opplagt at stabilitetsprinsippet talar mot å gjera ei slik endring. Det kan vera ulike syn på korleis ei slik endring er å sjå i lys av sjølvstendeprinsippet. Noregs Mållag vil her visa til at innføring av ei presensform av sjølvstendige st-verb som er identisk med infinitivsforma, klart kan sjåast [sic!] som ei bokmålstilnærming, jf. *å se(e)s – (vi) se(e)s*, *å finnes – (det) finnes*. Ein kan innvenda mot dette at presensforma *(vi) sjåast* i form er ulik bokmål, men ein slik synsmåte vil byggja på ei overflatisk forståing av eit sjølvstendeprinsipp.

I grunngjevinga på side 8 i høyringsnotatet viser Språkrådet til at nye former kan takast inn i rettskrivinga på grunnlag av *bruksprinsippet* dersom dei er «mykje brukte i skrift og vil gjera norma lettare å bruka». Å innføra presensforma *sjåast* kan isolert sett føra til færre formelle skrivefeil, men det vil gjera systemet attom norma for sjølvstendige st-verb i nynorsk meir komplisert enn i dag, i og med at det vil svekkja «byggjeklossprinsippet» om at formene i presens, preteritum og perfektum partistikk byggjer direkte på dei tilsvarande formene av det underliggjande verbet.

Vi meiner vidare at det er ein mangel ved høyringsframlegget at tilhøvet mellom *vi sjåast* som helsingsfrase og den engelske tilsvarande frasen *see you* ikkje er drøfta. Det er heller ikkje sagt noko om kor stor del av bruksdøma av *sjåast* i presens som er ein del av dette faste uttrykket. Vi meiner det er uheldig dersom eitt fast uttrykk skal vega altfor tungt når ein skal ta stilling til om eit verb i alle samanhengar skal få ei bøying som vik av frå hovudregelen i nynorsk.

Noregs Mållag meiner samla sett det er gode grunnar til ikkje å få vidare med framlegget om å ta inn *sjåast* som presensform, ettersom omsynet til stabilitet og sjølvstende, dei to viktigaste normeringsprinsippa, etter vårt syn ikkje talar for det.



Vingulmork, 21. april 2023

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Fråsegn til framlegg um normering

Norskt Måldyrkingslag hev merknader åt framlegg til normering av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Fremst vil me leggja imot framlegget å taka inn notid *sjåast*, som ikkje hev det grunnlag det læst hava. Det greider me nøgnare ut um nedanfyre.

1. Ord med ymist kyn

Språkrådet gjerer framlegg um at ordi *nebb*, *nipp*, *raut* og *rykk* skal halda på valfritt hannkyn elder korgjekyn. Det er vitugt.

I eit framlegg i mars 2022 syntest Språkrådet setja fyre at bruket av *kremt* i hannkyn var kvervande – «tendensen over tid», det heiter – og vilde taka det or normi for den sak skuld. Måldyrkingslaget lagde imot at slik eindimensjonal ekstrapolering skulde liggja til grunn for normeringi. Det er gilt å gå at Språkrådet hev gjenge burt frå slik gjerd.

2. «Me sjåast»

Framlegget frå Språkrådet nemner ikkje ordlaget «me sjåast», men det er skillegt at det er utbreidingi av detta ordlaget i nyrre tid som ligg attum. Detta ordlaget hev vunne fram på kostnad av «me talast», «ser deg sidan» osb., og hev ikkje vore innarbeidt i målet. Dermed hev det lettare kunna koma upp ei form med avvikande bøygning, i strid med den fylgjerette bøygningi *me sest*. Spørsmålet er um denne avvikande formi hev eit godt grunnlag.

Me skal fyrst ganga gjennom grunnlaget for formi, og heilt sist på halda det upp mot normeringsprinsippi Språkrådet hev sett upp.

Sjåast ålment. *Sjåast* er ikkje eit mykje nøytt ord utanum i passivskipnaden *kann*, *lyt* osb. + nemneform *sjåast*, men det finst ei nokre tydingar der det ter seg eit sjølvstødt *mediopassivt* segnord som vert bøygt i alle tider:

- (1) Resiprok: *å sjåast – dei sest – dei sågst – dei hev sést*
- (2) Passiv el. inkoativ: *å sjåast – det sest – det sågst – det hev sést*
- (3) Refleksiv: *å sjåast um, fyre – ho sest um – ho sågst um – ho hev sést um*

(1) tyder i grunn 'sjå einannan' og er det me finn i «me sest», (2) tyder i grunn 'vera å sjå', og (3) tyder anten 'sjå seg' elder i grunn berre 'sjå' med uturvande refleksiv attåttyding. Korpuset åt Norsk Ordbok gjev berre fjore tilslag på «sågst»: tri i tydingi (1) og eitt i tydingi

(2) – frå Hallingdølen 2003. I lestren hjå Nasjonalbiblioteket er det derimot tydingi (2) som råder, og tydingi (3) er au finnande der.

Skal «sjåast» vera ålment i notid, er spursmålet um det høver i hine tydingane. Kann ein segja: «Bjørnen **sjåast* ikkje ofta i dag» og «Ho **sjåast* um mor si»? Elder lyt det heita: «Bjørnen *sest* ikkje ofta i dag» og «Ho *sest* um mor si»? Det finst ikkje dømme på dei fyrste, og «sjåast» stetter difor ikkje kravet til eit fullfløygt notidarskap; formi hev fylgst åt med ordlaget «me sjåast», og berre der.

Mangtal. Fyrste dømet på «me sjåast» i blodom er – skal me tru vevsalen åt Nasjonalbiblioteket – i Hallingdølen 25. september 1962: ... *så sjåast me i dyrsku'n, og velkomen er du*. Det er snaudt tilfellelegt: I halling og sume andre målføre vert segnordi bøygde i mangtal, og *sjåast* elder *sjåst* er rett mangtalskap i notid. Soso bydst eit spurtak (ei gåta) or Valdres:

Tvo brør unde ein ufs; dei inkji høyrast o inkji sjåast. (Svaret er: augo.)

Det synest ikkje vera tanken åt Språkrådet å føra upp mangtalsformer i rettskrivningi, so slike former er ikkje sætande, same kor gilde dei måtte vera.

Bokmål. Eit søk med Google på vevgarden Facebook syner at ordlaget «me sjåast» er tidgjengt i elles rein bokmålstekst der. Det er då å likna med ordlaget «skal me sjå» og anna slikt som sume bokmålstalarar likar å krydda målet sitt med – ikkje eit vondt ord um det!

Eit opphav åt skapet «me sjåast» kann då radt finnast i bokmål, anten på leisten tulle-nynorsk, elder i ein ærleg freistnad ut frå bygnaden i bokmål:

	bokmål	nynorsk
nemneform	<i>se-es</i>	<i>sjå-ast</i>
notid	<i>se-es</i>	?

Stundom gjeng slik jamling andre vegen. Nynorsk pressekontor kunde året 2010 melda at «om lag 140 mataktørar kunne *sest* og smakast på.» Um det då ikkje var hyperkorrektur.

Men *sjåast* er ikkje einaste segnordet som vert handsama soleides. Eit søk etter «finnast» i notid i korpuset åt Norsk Ordbok gjev mange tilslag; me talde upp tjuge dømme frå Dag og Tid, Firda, Hallingdølen, Nationen, Nynorsk pressekontor, Sogn Avis og Vest-Telemark Blad i bolken 2000–08 til me sagde oss nøgde, og det er mange gonger talet på tilslag av nt. «sjåast» i same korpuset – i reine tal.

Uviljande etteraping av bygnaden i bokmål er dermed ei vanleg ovring, so det gjeld um å skilja kvifor slik etteraping er etter måten tidgjengare i «me sjåast» for *me sest*. Grunnen er venteleg at sjølve ordlaget er henta or bokmål.

Å døma etter eit innlegg som stod på prent i mange blad i fyrstunne av april 1970, var det NRK som stod gudmor for «vi/me sjåast»:

«Vi sjåast» – stod å lesa på skjermen laurdag då NRK Fjernsynet sende ein ny episode av «Krutrøyk». Det skulle liksom vera nynorsk både dette og andre språklege venskapningar [...] «Vi sjåast» er ei hånleg omsetjing av «vi sees» på Oslo-sjargong. [...] Tekstinga av «Krutrøyk» er fleip mot det eine jamstelte riksmålet til føremon for det andre. Det kan ikkje vera noko anna.

Teksting på NRK heldt au Fretland, Rommetveit, Sudmann og Vikør fram i *På godt norsk* (1980) til døme på «uheldig» umsetjingslån: «Vi sjåast i morgon» meinte dei laut heita «Vi møtest i morgon» e.dl., og at segnordet kor som er heitte *sest* i notid.

Det var fyrst etter denne vidsveimde kringkastingi av det nye ordlaget gjennom 1970-åri at det breidde seg noko vidare og med tidi tedde att i skrift, og då serskilt i denne avvikande formi som NRK tedde fram. Det er nøydt um å ha vore denne iduge framsyningi som volde at den avvikande formi vart so vanleg.

Statistikk og røynd. Språkrådet legg fram tal frå Marit Julien som skal syna at nt. *sjåast* vert nøytt av 90 prosent i bladom og 60 prosent i bokheimen. Det er ikkje heilt rett. Søket Julien hev gjort, gjeld berre ordlaget «me/vi sest/sjåast». Me hev ikkje sét eitt døme på at nt. *sjåast* er nøytt på onnor vis – so nær som i mangtal – og lyt då tru at nøytsla elles er null prosent.

Gjeng me inn i tilfanget som ligg til grunn, varast me at tali lyt kvalifiserast munleg. Søkjer me på «vi sjåast» hjå Nasjonalbiblioteket, er rundt rekna 60 av bøkene lærebøker i ymse mål frå dei store skulingsforlagi; alle desse bøkene er umsette etter bokmålsutgåva, slik gjerdi er der i garden. Då er det verdt å hugsa på at lærebokgranskingi fall burt året 2000. Då vart det etter måten fritt fram for dålege umsetjingar frå bokmål, og dermed for «vi sjåast». Desse lærebøkene fyller vel so ein tridjung av tilslagi. Det er dessutan mange andre umsette bøker. Sume bøkene nemner «vi sjåast» til døme på rangt målbruk.

I bladom er *meta*-innslaget markande. 8 av dei 10 fyrste tilslagi me fær, er åtfinning av ordlaget «vi sjåast»! Med det atterhald at Nasjonalbiblioteket veit å gjeva lesarane det dei vil hava, er det god grunn til å granska detta tilfanget nøgnare en det som er gjort.

Språkrådet legg dessutan fram rit som syner bruket yver tid. Desse riti lyt jankast mykje etter det som er sagt um det underliggjande tilfanget ovanfyre, men grove gangen i både riti er eins og speglar då venteleg røyndi: Me ser «me sjåast» auka bratt frå kringum året 2000 – året då lærebokgranskingi fall burt – men etter ei nokre år minkar talet til helvti av topptalet. Auken i «me sest» kjem ikring fem år seinare, men stoggar ikkje, og er visst større i bokheimen.

Desse tali tarv tolking. Når auken i «me sest» kjem ikring fem år seinare, speglar det ei motkraft mot den avvikande formi «me sjåast»; dei ovmange innleggi mot ordlaget styd den tolkingi. Det høver at motkrafti er sterkast i bokheimen au, der fleire augo plar sjå igjennom teksten fyrr en han kjem på prent – ja, so nær som i lærebøkene åt ungdomen, då!

Held me detta i hop med det me fann ut um opphavet åt «me sjåast», ter soga seg sovordi: Ordlaget «me sjåast» vart fremda av NRK sidan 1970. Då dei yngste sjåarane kom til skils år og alder, fekk bruket av ordlaget ei blømingstid, godt hjelpt av endå meir gålaus umsetjing frå bokmål. Men dette bruket brautst ved det nynorske normsamfundet. Formi «me sest» er no i siget, av di folk jankar det framande ordlaget inn i ei skapleg form.

Utgangen på detta er uviss. Nynorskt bruksmål er stødt under pågang frå det dominerande bruksmålet, og «me sjåast» kjem til å finnast på lina med «det drikkast», «det behøvast» og andre slike innslag som er gjorde på bokmålsleist. I tilfellet «me sjåast» fær me eit sjeldspurt innsyn i korleis det nynorske normsamfundet møter slike innslag: Med di «me sjåast» fekk so sterk tilskunding frå normaktøren NRK, var det den formi som fyrst vart vanleg. Men den bråde auken gjekk yver i nedgang, tvert imot tilviket mot jamt meir bokmålsinnsig. Lærdomen er at denne og andre målblomar frå bokmål ikkje er utkoma av

ein «naturleg vokster» i nynorsk. Tjodvegen i nynorsk målvokster er helst lika endefram som i andre skriftmålssamfund: konsolidering um normi – dersom ho er skiljande.

Ymse målføre. Framlegget frå Språkrådet læt um at «[f]orma *sjåast* i presens har solid talemålsgrunnlag, til dømes er ho ført opp i dokumentasjonsordboka *Norsk Ordbok* med merknaden ‘vanleg.’» Det ligg derimot ikkje fyre nokon dokumentasjon i Norsk Ordbok på detta, korkje i Setelarkivet elder anna; det er all grunn til å tru at den merknaden vart innlagd helder nyleg og berre byggjer på tokken frå ordlaget «me sjåast».

Det finst talemål der dei bøygjer segnord på *-st* på onnor vis; t.d. vil ein i sum trøndsk leggja *-(e)st* beint på den tilsvarande formi utan *-st*: *sjer-(e)st*. I vikversk og tilliggjande egdemål finst dei som vil leggja *-es(t)* på nemneformroti: *se-es(t)*. I seinare tid er dilike former høyrande i andre målvald med, men då i idiolektiske yvergangar mot bokmål og bokmålsnært talemål, og difor vandt å kalla «solid». Det heng snarare i hop med innsiget av passiv segjemåte frå bokmål so som «det *drikkast mykje kaffi.»

Det finst dermed ikkje noko vidare talemålsgrunnlag utanum i mangtal og utbreidingi av «me sjåast» som er nemnd elles.

Normering. Me hev ovanfyre vist til at nt. **sjåast* berre hev sætande utbreiding i ordlaget «me sjåast», som fekk barnsenghjelp av ei rang umsetjing i NRK året 1970. Kann henda denne formi fekk gjavyrde av ein halling elder valdris elder einkvan som gjekk god for henne – for på målføret deira er det rett med mangtal her – men samsvaret med bygnaden i bokmål hev vore avgjerande for at ho kunde kannast og haldast uppe.

Det er då inkje grunnlag for at eit notidarskap **sjåast* skal takast inn i normi. Formelt kann ein taka inn ordlaget «me sjåast» og segja det er mangtal, på lina med ordlaget «takk vere», der ein hev vonarlagsskapet *vere* for di um ein ikkje held seg med vonarlag elles. Men av di ordlaget ikkje er gamalt, vert det noko langsøkt.

Ser me burt frå detta grunnleggjande lytet ved formi, bryt ho med normeringsprinsippi åt Språkrådet dessmeir:

- | Stabilitet. Nt. **sjåast* fører inn eit heilt nytt bøygningsmynster og fjernar dermed ingen inkonsekvens, men fører inn ny; det gjerer ikkje normi lettare helder. Språkbuket er ymsande, men jf. neste punkt. Det ligg då ikkje fyre nokon god grunn til å røyva stødleiken i normi.
- | Bruk. Retningslinone frå Språkrådet tel fyre at «[n]ormeringsgrunnlaget er i første rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess.» Som nemnt ovanfyre er nt. **sjåast* gjenge munleg til atters i bokheimen. Der formi finst, er det helst umsette bøker, jf. det retningslinone segjer um at «[s]kriftleg praksis i nynorsk står under press frå bokmål, og det må ein ta høgde for ved analyse av bruksdata for nynorsk.»

Dermed er det ingenting i dei fremste normeringsprinsippi som klårt tel til å taka nt. **sjåast* inn i normi. I alle høve er det skillegt at ingen er tent med vedtak i denne saki utan betre utgreiding en den som ligg fyre i framlegget.

For Norskt Måldyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann

Høyringsssvar frå NTB Arkitekst

Høyringsssvar – framlegg til rettskrivingsendringar

NTB Arkitekst viser til høyringsbrevet frå Språkrådet om framlegg til rettskrivingsendringar.

Me er samde i alle framlegga med unntak av framlegget om å ta vekk «hvitbjørn» som ein tillaten skrivemåte. Me meiner at dette ikkje heng på greip når me tek vekk «kvit» som ei tillaten skriveform, og at systemomsynet bør tale sterkare enn bruksfrekvensen her. Dette er den første merknaden vår.

Me er òg usikre på kva Språkrådet meiner om ein del samansetningar med «kvit». Me meiner dette bør følgje avgjerda om «hvitbjørn» – kva avgjerda enn no blir. Dette er den andre merknaden vår.

Bakgrunn for merknadene

NTB Arkitekst er ein av dei største leverandørane av språktenester i Noreg og leiande innanfor området klarspråk. Me har lang erfaring med å leie klarspråksprosjekt med mellom anna kurs og skriveverkstader, brukarinvolvering og effektmåling, språkprofilar og konkret tekstarbeid. Me har òg erfaring med ei rekkje ulike typar tekstar og fagspråk, som offentlege utgreiingar og rapportar, juridiske tekstar, nettekstar og klarspråk i digitale tenester. Me har avtalar og rammeavtalar med ei rekkje private og offentlege organ.

Ikkje minst er me eit fagmiljø med sterk interesse og lidenskap for det norske språket. Me takkar derfor for invitasjonen til å komme med eit høyringsssvar.

Merknader frå NTB Arkitekst

1. Systemomsynet bør tale for å behalde «hvitbjørn»

Enkelheitsprinsippet opnar for unntak frå andre prinsipp

Enkelheitsprinsippet (del 6.2.5) gir rom for at «ord som høyrer saman, bør ha same normering sjølv om bruksdata isolert sett kunne tilseie noko anna», slik som de skriv på side 11 i høyringsnotatet. Me meiner dette er eit sånt tilfelle.

Enkelheitsprinsippet seier òg at innslaget av unntak i bøyingsmønster bør vere så få som råd. Her er det ikkje snakk om eit bøyingsmønster i bokstavleg forstand, men me meiner at prinsippet er relevant likevel. Me meiner at det vil vere eit unntak i norma om ein ikkje kan setje saman «hvit» og «bjørn» og få eit tillate ord.

Handlar stramleiksprinsippet om enkeltord eller systemet i norma?

På side 11 i framlegget deira skriv de at framlegget om «kvitbjørn» som eineform er eit steg mot ei innstramming av norma på sikt, slik ho blir definert i stramleiksprinsippet.

I stramleiksprinsippet (del 6.2.4) står det at «[a]uka valfridom ved einskildord kan bli nødvendig når nye former skal takast inn i norma, fordi ein normalt ikkje samtidig kan halda ute ei eksisterande form som framleis er i bruk». Dette gir inntrykk av at stramleiksprinsippet ikkje handlar primært om enkeltord, men at det dreier seg meir om å stramme opp systemet i norma, til dømes ved å tillate nye, regelrette former som på sikt kan konkurrere ut former med unntaksvis bøyning.

Dersom stramleiksprinsippet dreier seg om å stramme opp systemet i norma, taler det for å *behalde* «hvitbjørn» – ikkje ta «hvitbjørn» ut. Me meiner «hvitbjørn» då er eit døme på eit slikt einskildord med auka valfridom som skal takast inn i norma (om ordet ikkje allereie var der) for å stramme ho opp på sikt.

Språkkjensla seier at «hvitbjørn» bør vere eit ord

Me meiner at det er lite intuitivt at forma «kvitbjørn» skal vere den einaste tillatne skrivemåten. Dette er spesielt lite intuitivt i lys av at me har andre typar bjørner med namn som er sette saman av fargen og ordet «bjørn», slik som «brunbjørn», «svartbjørn» og «gråbjørn».

Dette har de i Språkrådet òg skrive om på side 11 i høyringsnotatet:

Enkeltheitsprinsippet (del 6.2.5 i *Retningslinjer for normering*) seier at innslaget av unntak i norma bør avgrensast. Det talar for at ord som høyrer saman, bør ha same normering sjølv om bruksdata isolert sett kunne tilseie noko anna.

Dessutan, under delen om ordlagning i retningslinjene for normering (del 4.3), skriv de:

[N]yordsproduksjonen går uavbroten heile tida. Dette er uproblematisk så lenge skrivemåte og bøyning for kvar orddel er i samsvar med det eksplisitt normerte ordtilfanget.

Om «kvitbjørn» blir einaste tillatne skrivemåte når me samstundes fjernar «kvit» som ein tillaten skrivemåte for fargen, vil det bryte med forventningane i båd sitata over.

Me ønskjer å vekte prinsippa annleis

De i Språkrådet har valt å leggje meir vekt på stabilitetsprinsippet (del 6.2.2) og stramleiksprinsippet (del 6.2.4) enn enkeltheitsprinsippet (del 6.2.5). Dette er i tråd med føringane under punkt 6.2, der det står at «dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – [er] overordna dei andre prinsippa». Me er samde i at vektinga av prinsippa er det som bør avgjere om «hvitbjørn» blir ståande i norma eller ikkje.

Når me i NTB Arkitektst ønskjer å behalde «hvitbjørn», dreier argumenta våre altså om korleis prinsippa blir vekta opp mot kvarandre, og korleis dei skal bli tolka. Med andre ord meiner me at argumenta me har presentert ovanfor, veg tyngre enn stabilitetsprinsippet og føringane i punkt 6.2:

- Enkelheitsprinsippet opnar for unntak, slik at stabilitetsprinsippet ikkje veg like tungt.
- Stramleiksprinsippet kan like enkelt bli tolka til fordel for å behalde «hvitbjørn» som for å ta forma ut.
- Omsynet til språkkjensla og intuisjonen om at «hvitbjørn» er eit tillate ord i bokmål, bør vere ein del av reknestykket.

Me meiner summen av desse argumenta gjer at «hvitbjørn» bør bli ståande som eit tillate ord i bokmål.

2. Kva med «kvitfisk», «kvitrev», «kvitgran» osb.?

Det går elles ikkje heilt klårt fram frå høyringsnotatet kva som blir skjebnen til ord som «kvitfisk», «kvitrev» og «kvitgran».

Blir desse ståande i bokmålsnorma på grunnlag av bruksfrekvensen deira, etter same avveging som «hvitbjørn»? De skriv: «Til dømes er *kvit-* vesentleg meir brukt i samansette ord som er nemningar på plantar, dyr og sopp»?

Eller blir «hvit-» einaste tillatne skrivemåte for desse, slik slutten av setninga kan gi inntrykk av, når de skriv: «... men norma blir meir komplisert om det skal vere tillate å skrive *kvitfisk*, *kvitrev* og *kvitgran*, men ikkje *kvit*.»

Me meiner det ville vere logisk om bruken av «kvit-» og «hvit-» følgjer avgjerda for «hvitbjørn» for samansette ord som er nemningar på plantar, dyr og sopp, slik de nemner på side 11 i høyringsnotatet. Så dersom «hvitbjørn» framleis blir ei tillaten form, bør «hvitfisk», «hvitrev» og «hvitgran» òg vere det.

Fra: Per Magnus Finnanger Sandsmark <per.magnus.f.sandsmark@nynorsk.no>

Sendt: 15.03.2023 09:07:59

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Emne: Høyring om framlegg til rettskrivingsendingar

Til Språkrådet

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, takkar for høvet til å delta i høyring om rettskrivingsendingane. Me har ingen merknader til framlegga.

Med venleg helsing



Per Magnus Finnanger Sandsmark

direktør Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda

Tlf. 70 04 75 75, mobil 90 81 21 96

per.magnus.f.sandsmark@nynorsk.no

www.nynorsk.no

Emne: Høyringarfråsegn

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 14.03.2023 15:34:50

Fra: Peder Nicolai Lea Reime <peder_nicolai@hotmail.com>

Hei,

Når det gjeld «hub» og «spot» tykkjer eg at det heller bør brukast norske avløyssarar, og desse engelske orda bør difor framleis vera unormerte. Mandatet dykkar er å varveitsla norsk mål, ikkje skitna det til med engelsk. Her vil norvagisering vera betre enn å taka orda inn slik de føreslår, altso høbb til dømes. Å fjerna kv- i dei framlagde orda vil vera ei danskifisering og ein regresjon. Det er nett samnorsken og påverknaden nynorsken har hatt på bokmålet som er grunnen til at bokmål i det heile kan kallast norsk. No kan det argumenterast for at all bokmål er dansk, men å fjerna kv- i bokmålet steg for steg vil utvitydig gjera bokmålet mykje danskare att.

Alt anna de har lagt fram er greitt. Eg vil samstundes tilrå dykk å sjå på dei ovgode framlegga frå Voss mållag, jamvel dei skjønar mandatet dykkar betre enn dykk sjølve. Nynorsken er eit eige sjølvstendig mål og lyt handsamast slikt likeins bokmålet i 2005.

Peder Nicolai

Student



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
23/660-2

Dato
14. mars 2023

Høring - framlegg til rettskrivingsendringar

Vi viser til e-post av 13. mars 2023 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet har ingen merknader.

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)
avdelingsdirektør

Marie Ljosland Waale
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Avdeling for styring
administrasjon og
samfunnstryggleik

Saksbehandlar
Marie Ljosland
Waale
22 24 81 98

Emne: Høyring om rettskrivingar

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 13.03.2023 11:33:51

Fra: Stian M. Eiksund <stian.eiksund@hotmail.com>

Bøyinga av 'sjåast' bør vere; sjåast, sest, sågst, sest

Den nye bøyinga med "me sjåast" er berre ei låk herming av oslokk. Folk bør helder skjerpe seg å bøye det rett eller berre ikkje bruke ordet.

Sjå føre dokker om folk begynte å seie "eg sjår deg" i staden føre "eg ser deg"?

Det vert for dumt.

Eg skal ikkje seie noke på løvetann sidan det eigenleg heiter 'løvetonn' men den forma får eg ikkje skrive lenger.

Dette her er problemet dokkar. Fyrst tillæt de ei ny form so fjernar de den gamle og dermed fjernar norsk sakte men sikkert.

Mvh. Stian Myklebust Eiksund

Språkrådet
post@sprakradet.no

Høyringsfråsegn til framlegg til rettskrivingsendingar

Høyringsfråsegna gjeld framlegga i delane 3.1 og 5.2 i høyringsnotatet. Me meiner at dei foreslåtte endringane i desse delane ikkje bør gjennomførast. Grunngeving følgjer nedanfor.

3.1 Bøying av *hub(b)* og *spot(t)*

Ser ein desse to orda isolert, kan det nok vere grunnar til å gjere endring. Samstundes synest det uheldig å berre gjere dette for to ord, utan å konkretisere kva for konsekvensar det vil eller bør ha for andre, tilsvarande importord. Ein viser i høyringsnotatet til retningslinene for norvagisering av importord, og ein burde då også vurdert om og eventuelt korleis dette forslaget bryt med dei generelle prinsippa i retningslinene, framfor alt enkelheitsprinsippet (del 7.2.5). Dei orda det her er tale om, som endar på enkel konsonant i engelsk, kan med god grunn seiast å høyre til ei klasse av ord, og noko av tanken med enkelheitsprinsippet er vel då at norma skal vere føreseieleg for språkbrukarane. Det blir ho neppe med dette forslaget, og det synest utfordrande å eventuelt skulle normere orda *hit* og *laptop* på same måte seinare (altså obligatoriske former som *hitten*, *hittar*, *hittane*). Ordet *laptop* er særskilt utfordrande, for her må ein ta stilling til skrivemåte av både føre- og etterledd. (Ordet er i høyringsnotatet omtalt som om det er normert, men det finst ikkje i ordboka på nett, så her har det kanskje skjedd ein feil?). Ein står dermed i fare for å ende opp med ei normering der den gruppa av importord får ulike reglar. Kanskje kan dette forsvarast ved å vise til *usus*, men det fører altså til at normeringa ikkje er føreseieleg for ein større eller mindre del av språkbrukarane.

5.2 Endring i normering av ein del ord med *hv-/kv-*

Her foreslår ein *hvil*, *hvile*, *hvit*, *hvitt* og fleire som eineformer i bokmål. Samstundes foreslår ein *kvitbjørn* som eineform, og ein vil halde fram med valfridom i *hval/kval* og *hvass/kvass*. Framlegget om eineformene på *hv-* (*hvil* osb.) er grungjeve i bruken i bokmålstekstar, utan at ein har kvantifisert omfanget, noko som framstår som nokså vilkårleg. I tillegg viser ein til *stramleiksprinsippet*, og at dette då er eit steg mot såkalla "innstramming på sikt".

I motsetning til dette argumenterer ein i pkt. 5.1 ved å vise til *enkelheitsprinsippet*, når ein vil gje valfridom mellom *-ø-* og *-øy-* i nokre utvalde verb, og ein nemner at det kan vere vanskeleg for ein bokmålsbrukar å forstå kvifor det er ulike reglar for ord i same kategori. Ord som har etymologisk *hv-* (og *kv-* som mogleg alternativ), kan i høg grad også seiast å tilhøyre same kategori, altså ei klasse av ord, sjølv om det her er tale om ord i ulike ordklasser, jf. Retningsliner for normering (del 6.2.5), som ein viser til i høyringsframlegget. Særleg tydeleg er

mangelen på 'enkelheit' (som altså skal innebere at normeringa er føreseieleg) med den foreslått motsetninga *kvitebjørn/hvit*, men det vil vere svært vanskeleg å forstå kvifor ei form som *kval* skal vere tillaten medan *kvit* og andre ikkje er det.

Generelt

Begge dei omtalte punkta ovanfor ber preg av ein viss vilje til eller ønske om å normere, og det utan at det kjem klart fram at gjeldande normer er særleg problematiske på noko vis. I begge tilfella viser ein til ein skilde punkt i Retningsliner for normering, utan å seie noko om og korleis forslaga kan vere problematiske eller diskutabile ut ifrå andre punkt i dei same retningslinene. I tillegg nemner ein usus og kvantitative vurderingar av denne, men i heller generelle ordelag, slik at ein får inntrykk av at kvantifiseringa blir noko vilkårleg. Konsekvensen av dette kan dermed bli noko som liknar vilkårleg 'ord for ord-normering', der ein ikkje ser kva for følgjer eventuelle normeringsvedtak kan få for heilskap og samanheng.

Med helsing:

Tilsette ved Institutt for nordisk og mediefag, Universitetet i Agder:

Tom Flaten, førstelektor

Elin Gunleifsen, førsteamanuensis

Vidar Haslum, førsteamanuensis

Rune Røstad, professor

Magnhild Selås, professor